

Sørfosen språk- og dialektlag
c/o Johan G Foss
7270 Dyrvik

Frøya, 13. mai 2006

Kultur- og kyrkjedepartementet,
Oslo

Høringsfråsegn om enkelte punkt i forskriftene og rettleiinga til revidert Lov om stadnamn.

Sørfosen språk- og dialektlag er ikkje direkte bede om å kommentere Kultur- og kyrkje- departementets framlegg til forskrifter og rettleiing til den reviderte stadnamnlova, men sia departementet ikkje har sendt framlegget til noen kystorganisasjon, så reknar vi med at synspunkta våre har interesse for departementet.

1. Vi synest det er svært uheldig at lova ikkje femner om kontinentalsokkelen. Ein kan likevel bøte litt på dette ved å få inn i forskriftene at médnamn (namn på fiskeplassar) likevel skal vurderast etter lova. Det har jo vore fiska på sokkelen heilt ut til Storegga og Havbrua i Midt-Norge i alle fall frå tidleg på 1700-talet. Andre stader i landet veit ein at slikt fiske truleg går heilt tilbake til førhistorisk tid.
2. I forskrifta til § 2, første ledd, bør slutten, «når det er mogleg», utelatast.
3. Til § 4. Her er det ikkje samsvar mellom forskrift og rettleiing. Rettleiinga bør heilt til slutt under pkt. 2. a) i få tilføydd «når skriftforma ligg innafor regelverket». Slik det står no, vil det kunne føre til stor strid, for ein eigar vil oftast ha store problem med å skilje mellom skrivemåten av slektsnamn og gardsnamn når det er same namnet.

Som ein generell merknad vil vi peike på at rettleiinga har noen språkfeil som må rettast opp (t.d. under Ordforklaringar og definisjonar), og også noen faktafeil, t.d. det som står under 2. a) ii, på slutten under Eintal (om midlandsmåla). Ein fagperson må gjennomgå og rette opp dette.

Johan G Foss
leiar